



Geir Styve, kapellan i Kvinnherad 1991-98.

**Geir Styve var kapellan i Kvinnherad i perioden 1991-98. Også han vart ein svært folkekjær prest. Sjølv om han budde på nordsida av fjorden, hadde han ein stor del av sitt virke i Uskedal kyrkje. Mange fekk god kontakt med Styve, og sjølv om det er 18 år sidan han reiste frå kommunen, trur eg mange slår av ein prat om dei møter han tilfeldig den dag i dag.**

Etter Kvinnheradsperioden vart Styve sokneprest i Torvastad menighet på Karmøy. Der har han vore fram til no. Nyleg vart han tilsett i Norheim menighet, og dermed flyttar han no heim att til Haugesund saman med kona. I samband med dette var det eit fint TV-innslag i Haugalandsnytt for nokre dagar sidan. Eg trur mange Kvinnheringar vil ha glede av å sjå det.

De finn dette fine innslaget samt litt tekst ved [å klikka inn på Haugalandsnytt](#) på TVHaugalandet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Pressefoto.